Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Gamal engkultur

Oppskr. av: Rikard Rygdo

(adresse): Nå

Fylke: Hordaland

Herad: Ullensvang

Bygdelag: Sørfjorden

Gard: Rygdo

G.nr. 62 Br.nr. 5

1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Vilhelm Rygdo, Nå. Noko etter eiga røynsle

SVAR

1. Her rekna dei såleis at det var eng det som vart gjödsla og smågras det som ikkje vart gjödsla. Orda ekre og attlegg har vore brukte. Ekre og att-legg tyder det same: attlagd åker. Dei skilde mellom tjukk og tunn eng. Namnet tjukkeng vart brukt. Me veit ikkje om ~~at~~ dei hadde ulike namn på grövare og finare höy. Ei utslåtte vart kalla ei slåtte

2. Dei rudde om våren. Dei bruka vanleg rive til å rydja med. Dungane som dei raka saman vart kalla rune. Arbeidet vart kalla rydjing. Runen vart som oftast liggjande og rotna. Var der stein på böen så rudde dei han vekk.

3. Den einaste råka me veit dei bruka mot mose i eng var å plöjja om. Dei bruka heime-avla grasfrö.

2292

4. I våtlendt mark grov dei vinter. Vatning av eng har vore svært lite brukt her. Men det hende når det var turre summar. Vatning i samband med gjødsling har me ikkje høyrt noko om.
5. Dei gjødsla enga med vintergjødsel. Utslåttene var ikkje gjødsla. Me veit ikkje kva tid dei tok til å gjødsla. Sauemøka bruka dei serleg til enga.
6. Dei hadde ikkje eit serskilt namn på eng som var gjødsla med vintergjødsel.
7. Me har ikkje høyrt noko om at dei sette husa såleis at enga skulle ha godt av gjødselen som seig frå dei.
8. Dei gjødsla enga både om våren og hausten. Dei bruka same reidskapane som ved åkergjødsling. Dei tippa kvart gjødsellass for seg. Desse dungane vart så smuldra med ei hakke. Dei breidde gjødselen utover med greip.
9. Dei beita på enga og utslåttene om våren og hausten. Det var smalen som beita. Dei tenkte ikkje på gjødselen dyra la frå seg. Den viktigaste grunnen til denne beitinga var for-mangel. Det fanst ikkje

2292

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

engstykke som aldri var bita.
Det var ikkje skilnad på kva
for engstykke som vart bita
om våren og kva for nokre
som vart bita om hausten.
10. Det har vorte meir og
meir slutt med vår og haust-
beiting.
11. Dei gjorde ikkje noko for
å jamna utover den gjødsla
som dyra la etter seg på beitet.
12. Her bruka dei å ha
sumar-fjøs. Den møka som
vart opp-samla ved sumar-
fjøso vart bruka på åker og
eng dersom det var råd å
få ho fram. Som regel har
kvar gard bere eit sumar-
fjøs.
13. Dei har ikkje bruka slike
innhegningar her.
14. Det har ikkje vore vanleg
å ha gjatar her.
18. Me har ikkje høyrt gjete at
dei har bruka fjøs til sauene
om sumaren.
19. Ikkje nokon av desse orda
har vorte bruka her.
20. Ein hadde innegjerd slåtte-
mark på sætra. Det vart kalla
støls-trøde. Dette er gamalt i
vår bygd. Det har gått noko
attende med støls-slåtten no,
men det er enno mange som



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

hav stöls-trade. Tradet gjödsla dei
med mök som dei tok ved
sūmar-fjöset.
21. Oska som dei tok av omnane
ströydde dei ūt på enga.

2292

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING